



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Til kommunane og operatørane  
i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2022/7158 - 55777/2022	Svein Ivar Aarskog, 71 28 02 51	28.04.2022

## Ruteendringsprosessen 2023 - innspel frå kommunar og operatørar

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussrutene vil starte i september 2022. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2023.

For å få ut ny ruteinformasjonen rettidig til 1.mai 2023, er det viktig at fristen for innlevering av innspel blir overholden. I praksis må nye rutetider offentleggjera før jul kvart år.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir bedne om å kome med desse no. Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. skular, trafikknemnder, eldreråd og ungdomsråd for også å få innspel derifrå. Innspel (buss, ferje og hurtigbåt) må sendast samla, men spesifisert på kvart enkelt transportmiddel til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga.

Viss de vil gi innspel om bestillingstransport, treng vi å vite kva slag type transport de ser behov for (er det transport til/frå eit kommunesenter eller ein aktivitet, eller til annan kollektivtransport), kva er den primære målgruppa (barn/unge, eldre, pendlarar), kor mange personar det er i målgruppa i det aktuelle området og kva omgang ser det for dykk for transporten.

Fylkeskommunen er inne i ei tid med avgrensa økonomisk spelerom og med eit stort fråfall av trafikkinntekter, og det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ei tydeleg prioritering på sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter/turar med dårlig belegg, vil styrke forslag til auke på ruter/turar der behovet er aukande.

- Forslag til ruteendringar som gjer korrespondansar betre vil bli prioritert.
- Vi ønskjer tilbakemelding på ruteopplegget i høgtidene (til dømes julerutene) Kva er bra og kva endringar som bør gjerast?
- Forslag som gjeld endringar i rutetidene på riksvegferjerutene(rute nr: 10, 11, 33 og 48) må tas direkte med Statens vegvesen.
- Forslag til endringar av haldeplassar eller andre saker som ikkje angår rutetidene spesifikt, må sendes i eige brev utanom denne ruteendringsprosessen.

Dersom det vert aktuelt med større endringar før 1. mai 2023, vert det sendt ut egne høyringar til aktuelle kommunar.

Vi ber om at innspel blir sendt oss innan 11.august 2022, og utan at heile saksbehandlinga i kommunen vert vedlagt.

Med helsing

Jesper Wiig  
Seksjonsleiar FRAM Drift

Svein Ivar Aarskog  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*